



**NORDDAL  
KOMMUNE**

# **Plan for kommunal atomberedskap**

**Delplan knytt til kriseplan for Norddal kommune  
Vedteken av Norddal kommunestyre i sak 09/04**

## **1. Målsetting**

Med heimel i Lov om helsemessig og sosial beredskap av 23.6.2000, er alle kommunar pålagt ei planleggingsplikt i høve til atomulykker og andre strålingsulykker.

Planen skal nyttast av kommunen ved integrering av atomulykkes- og strålevern beredskapen i den overordna kriseplanen.

Norddal kommune må planlegge korleis ein skal kunne oppretthalde ei mest muleg normal samfunnsdrift i slike situasjonar, slik at skadeverknadene vert avgrensa mest muleg.

## **2. Kommunen sine oppgåver**

Kommunen må planleggje handlingar og vere budd på å kunne gjennomføre ei rekkje ulike oppgåver. Desse kan samanfattast, og m.a. vere:

- Informasjonsformidling
- Kunngjering
- Fråflytting
- Transport
- Innkvartering og forpleiing
- Adgangsbegrensing
- Tilsyn med husdyr (t.d. ved fråflytta gardsbruk)
- Tiltak for å skaffe fôr til husdyr
- Reinsing av radioaktivt forureina personar
- Ved reinsing, å stille eigna lokalitetar til disposisjon
- Forsvarleg handtering og deponering av radioaktivt forureina artiklar/material
- Drift av eigne anlegg som skular, institusjonar, barnehagar med iverksetting av tiltak
- Tiltak for at lokalsamfunnet skal kunne fungere i ein forureiningssituasjon
- Klargjering og drift av eigne tilfluktsrom
- Kontrolltiltak
- Rapportering

I tilfelle der Kriseutvalet ved atomulykker trer saman vil beskjed om iverksetting av tiltaka kome frå Kriseutvalet, via fylkesmannen til kommunen. Tiltaka er henta frå Kriseutvalet sine fullmakter i akutfasen (jfr. Kgl.res. av 26.06.1998)

Kommunen må syte for at dei oppgåver som må utførast blir gjennomført. Informasjon om ressursar og fagleg samansettingar finn ein i den overordna kriseplanen.

Tiltak frå Kriseutvalet	Tiltaket inneber	Kommunen si planlegging for gjennomføring av tiltaket	Kommunale tiltak
Pålegge sikring av områder som er sterkt forureina (avgrensing av tilgang og trafikkrestriksjonar, sikring og fjerning av radioaktive fragment).	<ul style="list-style-type: none"> <li>- adgangsbegrensing</li> <li>- trafikkrestriksjonar</li> <li>- sikring av kjelde</li> <li>- fjerning av kjelde</li> </ul>	Vidareformidle informasjon frå Kriseutvalet om at publikum skal fjerne seg frå eit angitt område. Ved behov skal denne informasjonen tilpassast lokale tilhøve av kommunen. Kommunen må bu seg på å kunne stille ressursar til rådvelde. Dette kan bestå av m.a. evakuering, transport, innkvartering, forpleining, avsperring, kunngjering og informasjon.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- kriseleieing</li> <li>- informasjon</li> <li>- evakuering</li> <li>- innkvartering</li> <li>- rapportering</li> </ul>
Pålegge akutt evakuering av små lokalsamfunn i tilfelle der utsleppskjelda (lokal reaktor, havarert farty med reaktor, fragment frå satellitt) utgjer ein direkte trussel mot liv og helse lokalt.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- adgangsbegrensing</li> <li>- trafikkrestriksjonar</li> <li>- evakuering</li> <li>- innkvartering</li> </ul>	Vidareformidle kunngjeringa frå Kriseutvalet om akutt evakuering av aktuelt område. Kommunen skal, i samarbeid med politiet, eventuelt Sivilforsvaret og Forsvaret, gjennomføre evakuering. Kommunen må bu seg på å kunne stille ressursar til rådvelde. Dette kan bestå av m.a. evakuering, transport, innkvartering, forpleining, avsperring, kunngjering, informasjon.	<ul style="list-style-type: none"> <li>- kriseleieing</li> <li>- informasjon</li> <li>- evakuering</li> <li>- innkvartering</li> <li>- forpleieing</li> <li>- avsperring</li> <li>- rapportering</li> <li>- transport</li> </ul>
Pålegge kortsiktige tiltak/restriksjonar i produksjon av næringsmiddel (t.d. halde husdyr inne, utsette innhausting).	<ul style="list-style-type: none"> <li>- kortsiktige tiltak/restriksjonar</li> <li>- informasjon, retningslinjer</li> <li>- kontrolltiltak</li> </ul>	Vidareformidle kunngjeringa frå Kristeutvalet om kortsiktige tiltak/restriksjonar. Utarbeidde informasjonstiltak, retningslinjer til produsentar og distributørar av næringsmiddel skal vidareformidlast. Om naudsynt skal informasjonen tilpassast lokale tilhøve. Kommunen må bu seg på å stille ressursar til rådvelde. Dette kan bestå av m.a. kunngjering, informasjon, skaffe fôr til husdyr, transport, kontrolltiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>- informasjon</li> <li>- skaffe fôr til husdyr (foring)</li> <li>- transport</li> <li>- kontrolltiltak</li> <li>- rapportering</li> </ul>
Pålegge/gi råd om reinsing av forureina personar	<ul style="list-style-type: none"> <li>- reinse forureina personar</li> </ul>	Vidareformidle råda og anbefalingane frå Kriseutvalet om reinsing. Kommunen skal , evt. i samarbeid med Forsvar og Sivilforsvar, iverksette tiltak for å kunne gjennomføre reinsing av einskildpersonar eller grupper av befolkninga. Kommunen må bu seg på å stille ressursar til rådvelde. Dette kan bestå av m.a. å stille reinsemulegheiter til disposisjon (dusjanlegg),	<ul style="list-style-type: none"> <li>- reinsing</li> <li>- avfallshandtering</li> <li>- avsperring</li> <li>- transport</li> <li>- innkvartering</li> <li>- forpleieing</li> <li>- informasjon</li> </ul>

		forsvarleg handtering av radioaktivt forureina artiklar/materiale (spesialavfall), transport, innkvartering, forpleiing, avsperring, kunngjering, informasjon.	- rapportering
Gi råd om opphald innandørs for publikum	- innandørs opphald	Vidareformidle råda og anbefalingane frå Kriseutvalet. Om naudsynt, skal kommunen saman med politiet, tilpasse råda og anbefalingane til lokale tilhøve. Kommunen må bu seg på å stille ressursar til rådvelde. Det kan bestå av m.a. kunngjering, informasjon, drift av kommunale verksemder, tiltak for at lokalsamfunnet skal fungere i ein forureiningssituasjon.	- informasjon - drift av egne verksemder - rapportering
Gi råd om opphald i tilfluktsrom	- opphald i tilfluktsrom	Vidareformidle råda og anbefalingane frå Kriseutvalet. Om naudsynt, skal kommunen saman med Politi, Sivilforsvar og Forsvar, tilpasse råde og anbefalingane til lokale tilhøve. Dette tiltaket vil først og fremst vere eit tiltak som kan bli iverksett ved sikkerheitspolitisk krise/krig. Tiltaket inneber klargjering av tilfluktsrom for publikum.	- informasjon - klargjering - drift av t-rom - rapportering
Gi kosthaldsråd (t.d. råd om avstå frå konsum av visse kontaminerte næringsmiddel)	- gi kosthaldsråd - avstå frå konsum av angitte produkt	Vidareformidle kunngjeringa frå Kriseutvalet om kosthaldsråd. Utarbeidde informasjonstiltak, retningslinjer til produsentar og distributørar skal vidareformidlast. Om naudsynt skal informasjonen tilpassast lokale tilhøve. Kommunen må bu seg på å kunne stille ressursar til rådvelde, m.a. kunngjering, informasjon, kontrolltiltak og rapportering.	- informasjon - førebu kontrolltiltak - rapportering
Gi råd om andre dosereduserande tiltak	- råd og informasjon	Vidareformidle informasjon frå Kriseutvalet. Råda og anbefalingane skal om naudsynt tilpassast lokale tilhøve av kommunen. Kommunen må bu seg på å kunne stille ressursar til rådvelde. Dette kan vere ei rekkje tilhøve som er naudsynte å gjennomføre for å sikre liv, helse og økonomiske verdiar.	- informasjon - andre akt. ressursar - rapportering - praktiske handlingar

### 3. Hendingar, ulykker og ansvar

Det kan skje ulike type ulykker eller hendingar der radioaktive stoff og stråling er involvert:

- Kjernekraftverk eller andre utanlandske sivile eller militære atomanlegg der uhell kan føre til spreining av radioaktivt materiale til omgivnadene, og som kan gi konsekvensar i Noreg eller for norske interesser.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker*
- Forskingsreaktorane i Halden eller på Kjeller, som ved uhell kan føre til spreining av radioaktivt materiale til omgivnadene.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker*  
*Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*
- Sivile eller militære reaktordrevne fartøy nær norsk kyst som ved uhell kan føre til spreining av radioaktivt materiale til omgivnadene.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker.*  
*Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*
- Styrt av satelittar med reaktorar eller radioaktivt materiale om bord der radioaktivt materiale potensielt kan spreiest over store område.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker*  
*Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*
- Industrianlegg eller sjukehus med store radioaktive kjelder der ein kan identifisere scenarier som kan kreve umiddelbare dosereduserande tiltak på anlegget, i t.d. bestrålingsanlegg.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker.*  
*Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*
- Uhell/ulykker innan t.d. industriell radiografi eller ved transport av radioaktivt materiale der ulykkesstaden er vanskeleg å peike ut på førehand, dvs. typisk hending på ukjent stad.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker.*  
*Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*
- Radioaktive kjelder på avvegar, og utanfor naudsynt administrativ kontroll  
*Ansvarleg: Statens Strålevern / Kriseutvalet ved atomulykker.*
- Sprenging av atomvåpen ved tryggleikspolitisk krise/krig. Terror- eller sabotasjehandlingar som kan medføre spreining av radioaktivt materiale eller trussel om dette.  
*Ansvarleg: Kriseutvalet ved atomulykker. Regjeringa. (Forsvaret for militært personell).*
- Uhell / ulykker med strålekilder som vert nytta i norsk industri, helsevesen eller forsing som kan resultere i eksponering av befolkning og miljø innanfor verksemda sitt eige kontrollerte område.  
*Ansvarleg: Eigar av verksemda innanfor verksemda sitt geografiske område. Politi og lokale redningsressursar LRS (HRS) i ei tidleg fase om liv og helse står på spel.*  
*Kriseutvalet ved atomulykker ved ulykker der situasjonen utanfor verksemda sitt geografiske område vil kunne krevje det.*

Måten ulykkene vert handtert på, vil avhenge av ulykka eller hendinga sin art, storleik og mulege konsekvensar.

Ved atomulykker eller strålingsulykker eller der slike ulykker ikkje kan utelukkast, vil Kriseutvalet ved atomulykker tre saman. Kriseutvalet vil med sine fullmakter syte for iverksetting av naudsynte koordinerte tiltak. Dette kan gjelde dei fleste type ulykker der radioaktive stoff og stråling kan spreia til omgivnadene. I ei tidleg fase, og om liv og helse står i umiddelbar fare, vil også HRS og LRS kunne iverksette tiltak. Kriseutvalet vil då koordinere sine aktivitetar med HRS eller LRS.

Kriseutvalet vil i ei akutt fase av ei atomulykke vere ansvarleg for koordinert informasjonsformidling til sentrale myndigheiter og samarbeidspartnarar i inn- og utland, det krisehandterande apparatet i fylket, media og allmenta.

Fylkesmannen er Kriseutvalet sitt regionale ledd ved ei atomulykke. Fylkesmannen leiar det regionale atomberedskapsutvalet (ABU), og koordinerer iverksette tiltak på oppdrag frå Kriseutvalet. Fylkesmannen samordnar arbeidet regionalt, formidlar informasjon og er bindeledd mellom sentralt og lokalt nivå. Kommunikasjon mellom Kriseutvalet og kommunane skjer gjennom Fylkesmannen.

Ved mindre strålingsulykker av lokal karakter, vil desse handterast av det vanlege redningsapparat (brann, politi, helse) utan at Kriseutvalet vert etablert. Lokal redningssentral og eigar av verksemda handterer situasjonen. Kommunen må i slike tilfelle forhalde seg til desse aktørane.

#### **4. Ansvar og organisering ved mindre strålingsulykker**

Mindre strålingsulykker av lokal karakter vil normalt bli handtert lokalt gjennom vanlege kanalar, og på same måte som for ulykke med andre farlege stoff.

Uhell/ulykke med radioaktivt materiale inne på eit bedriftsområde, og der konsekvensane er avgrensa til dette området, vert normalt handtert av bedrifta sjølv, eventuelt saman med leiging for innsatsmannskap (politi, brannvesen og ambulanse).

Mindre uhell/ulykker med radioaktivt materiale på offentleg stad, eller som kan få avgrensa konsekvensar på offentleg stad, vert handtert av politi og LRS. Kommunen må her å planar for å yte bistand til naudsynte tiltak. Ved meir omfattande konsekvensar som krev koordinering av tiltak, vil Kriseutvalet kunne etablerast.

Kommunen må ha planar for å beskytte sine innsatsmannskap i høve til radioaktive stoff om dette er relevant. Norddal kommune er med i interkommunalt samarbeid der ein har tilgang til slikt utstyr ved behov.

Statens Strålevern er tilsynsmynde for strålevern i Noreg, og har utstyr og kompetanse som kan nyttast ved vurdering og handtering av ulykke med radioaktive kjelder. Strålevernet har døgnbemanna telefonvakkteneste, sjå kriseplanen.

## 5. Organisering når Kriseutvalet ved atomulykker har ansvaret

Beredskapsorganisasjonen består av

- Kriseutvalet ved atomulykker (Kriseutvalet / KU)
- Kriseutvalet sine faglege rådgjevarar
- Kriseutvalet sitt sekretariat (Statens Strålevern / Strålevernet / NRPA)
- Kriseutvalet si informasjonsgruppe (KU-info)
- Regionale ledd (Fylkesmannen / FM)
- Kommunen og ytre einingar

Kriseutvalet skal ved atomulykker og hendingar der atomulykker ikkje kan utelukkast, syte for koordinert innsats og informasjon. Kriseutvalet skal ta avgjerder om og iverksetting av tiltak i akutfasen av ei atomulykke. Kriseutvalet har i tillegg oppgåver i det løpande beredskapsarbeidet, og skal fungere som rådgjevar for myndigheitene i seinfasen av ei atomulykke. Hovudmålet skal vere å beskytte liv, helse, miljø og andre viktige samfunnsinteresser.

Fylkesmannen er Kriseutvalet sitt regionale ledd. Fylkesmannen vurderer vidare informasjon til kommunen. Det er fylkesmannen som vil varsle kommunen og eventuelt gi kommunen oppdrag i høve til tiltak sett i verk av Kriseutvalet. Kommunen vil få ansvaret for den praktiske gjennomføringa av vedtekne tiltak ved atomulykker, og må vere budd på å gi tilpassa informasjon ut til innbyggjarane.

### **Kommunen sitt ansvar kan kort samanfattast slik:**

- Etablere kommunal kriseleing
- Sjå til at tiltak som er vedtekne iverksett, vert gjennomført lokalt
- Sjå til naudsynt samordning av fagetatane sine tiltak lokalt, t.d. landbruk, helse, næringsmiddeltilsyn, miljø, fiskeri
- Vidarebringe relevant informasjon frå sentrale og regionale myndigheiter
- Leggje til rette for effektiv informasjonsutveksling mellom dei respektive fagetatar
- Syte for at relevante opplysningar vert gjort kjent for ABU v/fylkesmannen sin krisestab
- Bistå politiet i arbeidet med evakuering og sikring, eller anne etter behov.

## 6. Kjelder til ulykker

Atomulykker	Strålingsuhell/-ulykker	Terrorisme/sabotasje
<ul style="list-style-type: none"><li>• Ved kjernekraftverk</li><li>• Ved norske forskingsreaktorar</li><li>• Med reaktordrevne farty</li><li>• Ved styrt av satelittar med radioaktivitet om bord</li><li>• Med atomvåpen</li><li>• Ved andre nukleære anlegg som t.d. reprosesseringsanlegg</li><li>• Ved anlegg for handtering av radioaktivt avfall</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ved verksemdar innan industri, helsevesen, eller forskning som nyttar radioaktive kjelder</li><li>• Ved transport av radioaktivt materiale</li><li>• Med radioaktive kjelder som er mista i Noreg</li><li>• Med radioaktive stoff eller kjelder på avveggar i utlandet og som importerast til Norge</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Ved tjuveri eller sabotasje, eller trussel om dette mot anlegg med radioaktive stoff</li><li>• Ved spreing av radioaktive stoff eller trussel om dette. Dette inkluderer også spreing av detonasjon av konvensjonelt sprengstoff.</li></ul>

I Norddal kommune har ein ikkje næringsliv som nyttar radioaktivt materiale. Det er heller ikkje transport av slikt materiale i særleg grad verken til lands eller på sjøen. Ein er likevel ikkje trygg på at det kan skje uhell med slikt materiale i kommunen, og det er viktig å vite korleis ein handterer situasjonen viss han skulle oppstå.

## 7. Beredskapsnivå, varsling og rapportering

Ein har to atomberedskapsnivå sentralt, regionalt og lokalt:

- **Informasjonsberedskap**

Vert erklært ved ei ulykke/hending, eller ved eit rykte om ei ulykke/hending som er av ein slik karakter at det er naudsynt at atomberedskapsorganisasjonen utanfor sekretariatet har behov for å vite om det.

- **Høgda atomberedskap**

Skal erklærast ved ei større ulykke/hending med fare for radioaktivt utslepp som kan få alvorlege konsekvensar for Noreg eller norske interesser. Høgda atomberedskap kan etablerast som ei naturleg styrking av ”informasjonsberedskap”. Høgda atomberedskap kan bli etablert direkte på grunnlag av varsel eller motteken informasjon. Slik informasjon vil kunne vere verifisert og/eller offentleg informasjon, innhenta måleresultat m.v.

Varsling til kommunen vil bli vurdert i kvart tilfelle. Normalt vil varslinga kome frå fylkesmannen, men kan også kome frå politiet. Kommunen skal rapportere til Fylkesmannen.

## 8. Henvisningar

- Lov nr. 36 av 12.05.2000 *Om strålevern og bruk av stråling*
- *Lov om helsemessig og sosial beredskap* av 23.06.2000 med tilhøyrande forskrifter
- Kgl. Res. Av 26.06.1998 *Atomulykkesberedskap. Sentral og regional organisering*
- *Plan for Kriseutvalget ved atomulykker., Kriseutvalgets faglige rådgivere og sekretariat* av 11.2.2003
- *Plan og veileder for den regionale atomulykkesberedskapen* av 01.07.1999. Tiltaka som går fram her dannar basis for kommunen si planlegging og beredskap. Tiltaka er relevante også ved uhell av lokal karakter.
- *Veileder for kriseplanlegging i kommunene*, DSB 1998
- *Veileder i informasjonsberedskap*, DSB 1999
- *Veileder for Systematisk samfunnsikkerhets- og beredskapsarbeid i kommunene*, DSB 2001.
- *Veileder for kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser*, utgitt av DSB 1994, revidert i 2002
- *Kommunale risiko- og sårbarhetsanalyser – bidrag til atomberedskapsdelen*, utgitt av Strålevernet 24.08.1995.